

## **Referat frå rådsmøte 22. november 2011.**

Tilstades: Regionvaraordførar Torstein Tveito, Hilde Alice Vågslid, Jon Svartdal, Jon Rikard Kleven, Erik Skjervagen, Halvor Homme  
Per Dehli, Ketil Kiland, Hans Kristian Lehmann, Sverre Sæter, Brit Hauge, Kjell Gunnar Heggnes, Haldor Kaasin.

Møteinncallinga dagsett 15. november 2011 og sakliste vart godkjent utan merknader.

### **Sak 67/2011 Referat frå rådsmøte 25. oktober 2011.**

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 25. oktober 2011 vart godkjent utan merknader.*

*Samrøystes*

### **Sak 68/2011 Strategisk Næringsplan**

Børge Skårdal orienterte om bakgrunn og innhald i saka. Det vart orientert om historia bak breibandutbygginga i Vest-Telemark og utbygginga til no. I det vidare er det utbygging til vegg som er strategien og det er viktig å få flest mogleg til å knytte seg til.

Ein har rekna ut at full utbygging av fiber i Vest-Telemark vil medføre ein samla kostnad på omlag 120 mill. kroner. Det synest krevande å få til ei så omfattande finansiering og ein må vurdere ambisjonsnivået i det vidare arbeidet. ALTIBOX konseptet ligg no til grunn for utbygginga. Det vart understreka at full utbygging var avgjerande viktig for Vest-Telemark.

*Vedtak: "Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande"*

### **Sak 69/2011 Orientering om Vest-Telemark Næringsforum**

Dagleg leiar Olav A Veum orienterte.

VTNF er ein privat medlemsforrening for næringslivet i Vest-Telemark. Ein har 110 medlemar som representerar ca. 40% av sysselsetting i privat sektor - 1500 arbeidsplassar. Tema for orienteringa var:

1. Kort om VTNF – erfaringar så langt
2. Næringslivet i Vest-Telemark – utfordringar og utviklingstrekk
3. Næringspolitisk arbeid i og for Vest-Telemark
4. Samferdsel – fokus på viktige vegprosjekt
5. Kurs og kompetanse
6. Utviklingsprosjekt
7. Oppsummering - utfordringar

*Vedtak: "Vest-Telemarkrådet tek Vest-Telemark Næringsforum si orientering til vitande."*

### **Sak 70/2011 Dialog med Fylkesmannen**

Fylkesmann Kari Nordheim Larsen innleia til ein dialog med Rådet.

Fylkesmannen har ein mangfoldig rolle i høve til kommunane. Kontoret skal sørge for, på ulike vis, at tenester og rettstryggleik er ivareteke. Dette utan omsyn til storleiken på kommunen.

Dei ulike statlege tilsyna, der Fylkesmannen inngår, vil alltid vera omstridt. Viktig å ha ein god balanse mellom tilsyn og rettleiing. Fylkesmannen i Telemark er som oftast på line med kommunane når det gjeld å finne fornuftige måtar å gjennomføre tilsynsfunksjonen på.

Tilsyna som Fylkesmannen utfører er ofte av formell art og gjeld i liten grad innhaldet i tenesten. Fylkesmannen gjev også råd i økonomiske spørsmål dersom det er ynskjeleg frå den einskilte kommunen. Frå 1. juli 2013 vert også oppgåvene etter Vergemålsloven underlagt fylkesmannen. Det vart stilt spørsmål knytt til praktisering av habilitetsreglane i mindre kommunar.

I samband med bruk av skjønnsmidlane vart fylgjande drøfta: effekt og kvalitet, resultatorientert rapportering, fordeling på type prosjekt og forholdet mellom regionprosjekt og fylkesdekkande prosjekt.

Fylkesmannen kunne og tenke seg at ein fekk prosjektrapportar som viste at ein ikkje nådde resultatmåla for prosjekta. Viktig at det er overføringsverdi til andre kommunar i prosjekta og at prosjekta vert trekt inn i dei einskilte kommunestyra for å få forankring der.

Fylkesmannen er klar på at ein i bruken av skjønnsmidlane ikkje skal nærme seg Fylkeskommunen sin bruk av midlar til regional utvikling.

Landbruksprosjektet må vera eit forvaltningsutviklingsprosjekt, ikkje eit næringsutviklingsprosjekt. Prosjektet bør ha fokus på effektivisering av forvaltningsoppgåvene. Rådmennene tek eit sterkare grep om prosjektet og har fokus på forvaltningsdelen.

Samhandlingsreformen. Telemark er storforbrukarar av sjukehusenester og kommunar med sjukehus har ein utfordring i høve til finansiering av samhandlingsreformen.

Når det gjeld næringsutvikling vil større næringsprosjekt få prioritet hjå Fylkesmannen. Det er ynskjeleg med dialog med NHO om statsetatar som legg skranker for næringsutvikling samt ein opnare stat i høve til næringslivet. Det er også grunn til bekymring for næringslivet sin situasjon når finanskrisa når oss.

*Vedtak: "Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande"*

### **Sak 71/2011 Samhandlingsreformen.**

Ketil Kiland orienterte om utviklinga i samhandlingsreformen nasjonalt. Krav om betaling til kommunen vil kome utan dokumentasjon, og nærare informasjon må såleis hentast gjennom Helsedirektoratet.

Det skjer ikkje noko økonomisk overføring til kommunane i særleg grad, og sjukehusa får heller ikkje reduserte oppgåver. Det må opprettast døgnopne pasientinntak i kommunane, og ein bør drøfte mogleg samordning i Vest-Telemark. Kommunane må også rekne med å bygge opp egen helseadministrasjon.

Det er såleis viktig å få til god kommunikasjon med sjukehuset som har signalisert ynskje om ein felles medisinsk-fagleg ansvarleg for regionen.

### **Sak 72/2011 Tiltak mot spredning av gjedde i Telemarkkanalen**

#### **John Straume, nestleiar i Telemark Jeger og fiskeforening**

John Straume orienterte om korleis gjedda i si tid kom inn i vassdraget og kva utfordringar ein står ovanfor i høve til å stoppe vidare spreiding.

Etter at Fylkesmannen har gjennomført Rotenon-behandling no i haust ser ein det som maktpåliggjande å få innstallert ei elektrisk fiskesperre nær Kjeldal sluse. Denne må vera på plass seinast når kanalen opnar i mai 2012.

John Straume la avslutningsvis fram eit forslag til brev frå Vest-Telemarkrådet til Fylkesmannen.

*Vedtak:*

*"Vest-Telemarkrådet vedtek å sende det framlagte brevet til Fylkesmannen". Samrøystes*

**Sak 73/2011 Framlegg til budsjett 2012 for Vest-Telemarkrådet**

*Regionrådsleiar orienterte om framlegget til budsjett for administrasjonskostnadene til det regionale samarbeidet.*

*Vedtak: "Vest-Telemarkrådet oversender budsjettet til Tinget til orientering med framlegg om at Rådet får fullmakt til å vedta budsjettet for 2012"*

*Vedteke med 4 mot 1 røyst.*

**Sak 74/2011 Framlegg til møtekalender for 2012 for Vest-Telemarkrådet + arbeidsutvalet**

Regionrådsleiar orienterte inneliingsvis om framlegget til møteplan 2012 for Vest-Telemarkrådet/arbeidsutvalet.

*Vedtak: "Vest-Telemarkrådet vedtek framlegget til møtekalender for 2012"*

**Sak 75/2011 Framlegg til sakliste Vest-Telemarktinget 13. desember 2011**

Regionrådsleiar orienterte om framlegget til sakliste og delte ut eit revidert framlegg med ein utegløynt sak.

*Vedtak: "Vest-Telemarkrådet vedtek samrøystes den framlagte reviderte saklista "*

**Sak 76/2011 Arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2010-2011.  
Framlegg til rapport pr. november 2011.**

Regionrådsleiar orienterte om rapporten. Han delte ut ein ny versjon av presentasjonen av Vest-Telemark Vidaregåande skule.

*Vedtak: "Vest-Telemarkrådet tilrår rapporten lagt fram for Tinget for endeleg godkjenning."*

**Sak 77/2011 Framlegg til arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2012-2013**

*Vedtak: "Vest-Telemarkrådet tilrår framlegget til arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2012-2013 for Tinget for endeleg vedtak."*

**Sak 78/2011 Orienteringssaker**

- Helse Sør-Øst, styrekandidatar
- Val til KS styret

Referent: Haldor Kaasin